



## Statens vegvesen

BYGLAND KOMMUNE  
Sentrum 18

4745 BYGLAND

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Glenn Solberg / 37019823

Vår referanse:  
20/100713-7

Dykkar referanse:  
2018/74-154

Vår dato:  
23.06.2022

### Områderegulering for Ose bygdesenter i Bygland kommune – 2. gongs høyring

Vi syner til oversending frå kommunen den 7. april 2022, til e-post den 24. mai 2022 der vi fekk utsett høyringsfrist til 10. juni 2022. Etter det vart det eit dialogmøte på Teams den 13. juni 2020, og med ny e-post der fristen blei forlenga til den 24. juni 2022.

Områderegulering for Ose bygdesenter, planID 201601, lagt ut til høyring og offentleg ettersyn etter 2. gongs behandling i Plan, miljø- og ressursutvalet 29.03.2022, sak 36/22.

Føremålet med planen er å leggje til rette for ny Ose bru, kommunalt reinseanlegg, god trafikal avvikling, også for mjuke trafikantar og for nærings – og kulturinteresser. Det er og lagt til rette for områder for utbygging av kombinerte føremål bustad/fritidsbustad/næring.

#### Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Langsævn 4  
4846 ARENDAL

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

### Innspel til planforslaget

Områderegulering for Ose bygdesenter var ute på offentlig ettersyn første gong i februar–mars 2019. Statens vegvesen kom med innspel med vårt brev datert 11. april 2019. Vi hadde då fokus på den nye brua og alt rundt denne.

Dagens riksveg 9 med eigedomsgrensar er teikna inn i planen slik vegen er i dag. Dersom ein skal sjå lenger fram i tid og på riksvegen som heilheit er det ønskeleg med ein del endringar.

Vi forklarte på dialogmøte med kommunen at etter omorganiseringa i 2020 er det endra fokus, blant anna skal ein og sjå på eksisterande strekningar med gul stripe på rv. 9 slik at ein kan utbetre sideterreng, sikt etc. som ikkje er i samsvar med dagens krav i vegnormalane.

Vi ser det som naudsynt at planen rettast opp på ein del punkt for at utbetring av riksvegen lar seg gjennomføre. Det er fleire punkt som vi gjekk igjennom på dialogmøte. Dei er som følgjar:

- Kurvatur og sikt på riksvegen forbi kryss med Ose bru. Det er her teikna inn med ein kurve  $r = 310$  medan kravet i handboka er  $r = 450$  (krav i samband med kryss). Ein må og sjekke om det er stoppsikt sørover gjennom heile denne kurven når ein kjem nordfrå.
- I kryss med Ose bru er det teikna inn siktsoner på  $10 \times 115$  meter. Krava i handboka til sikt i kryss er stoppsikt  $\times 1,2$ , dvs.  $115 \times 1,2 = 138$  meter. Det må rettast.
- Sideterreng og grøfter ikkje målsett. Det må sikrast at det er sett av tilstrekkeleg med areal til vegføremål slik at utbetring er mogeleg.
- Planen legg til rette for gåande og syklende ved eit samanhengande gang- og sykkelveganlegg på heile strekninga mellom brygga til Bjoren sør for Ose bru, og fram til Ose sentrum. Den er regulert inn som offentlig gang- og sykkelveg. Når denne skal byggjast er det viktig å få nok areal i planen til gjennomføring.
  - Dvs. tilstrekkeleg breidde for grøfter og fyllingar.
  - I tillegg er det krav om at gang- og sykkelvegen skal ha ein breidde på 3,5 meter.
  - Vi ser også at det er lagt inn nokon krappe kurver, noko som vanskeleggjer drifta av gang- og sykkelvegen.
  - Der gang og sykkelvegen bytter side på riksvegen er det ikkje samanheng. Det manglar ein kort strekning.
  - I tillegg bør eksisterande driftsavkøyrslar her teiknast inn men ein pil.
- Ved nye veganlegg og utbetringar er det vanleg å legge inn eit ekstra areal i planen for midlertidig anleggsområde. Det må vurderast i kryssområdet ved Ose bru og langs med ny gang- og sykkelveg.

- Det er foreslått ein ny busshaldeplass nord for butikken for både sørgåande og nordgåande ruter. Utforminga må avklarast med Agder Kollektivtrafikk (AKT). Vi tenker spesielt på trafikktryggleiken ved inn- og utkøyring – dvs. sikt og blindsonar.
- Tilkomst til industriområde IND3 ved Reiårsfossen er ikkje teikna inn i planen. Dette bør synleggjerast, og vi reknar med det er i frå same avkøyrse som rasteplassen.
- I planomtalen står det at riksvegen har en ÅDT på 1200. I dag er det riktige talet 1700. Fint om det rettast.

Sør for brygga blir det lagt til rette for turveg fram til Reiårsfossen camping. Denne vert ikkje offentleg veg.

Dersom det er behov for det, tar vi gjerne eit eige møte med kommunen for å gå gjennom våre merknader.

Ut over dette har vi ikkje fleire vesentlege merknader til plan for Ose bygdesenter.

Med helsing

Glenn Solberg  
fung. seksjonsleiar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

AGDER FYLKESKOMMUNE, Postboks 788 Stoa, 4809 ARENDAL  
STATSFORVALTEREN I AGDER, Postboks 504, 4804 ARENDAL